



KI-notat nr.: 60/2010 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Hopland Kraft AS/Hopland kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Stryn		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	<i>Øystein Grundt</i>
Saksbehandler:	Ellen Lian Halten	for Sign.:	<i>Gry Berg</i>
Dato:	11 NOV 2010		
Vår ref.:	NVE 200707941-22		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

E-post: nve@nve.no

Internett: www.nve.no

Org. nr.:

NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:

0827 10 14156

Hopland Kraft AS - Søknad om tillatelse til Hopland kraftverk i Stryn kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	3
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene.....	12
Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse.....	13
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	16
NVEs vurdering.....	22
NVEs konklusjon.....	28

Sammendrag

Søknaden gjelder tillatelse etter § 8 i vannressursloven til bygging av Hopland kraftverk i Stryn kommune og behandles i henhold til reglene i kap. 3 i samme lov.

Det søkes om bygging og drift av et kraftverk på 5,5 MW installert effekt. Kraftverket vil utnytte et fall på 343 m i Randaelva og Hoplandselva. En strekning på til sammen 3 km vil bli fraført vann.

Middelvannføringen ved inntakene i Hoplandselva og Randaelva er på hhv. 460 l/s og 850 l/s.

Alminnelig lavvannføring er beregnet til hhv. 22 l/s og 42 l/s. 5-persentilene for sommer- og vinterperioden er hhv. 97 l/s og 19 l/s for Hoplandselva og hhv. 179 l/s og 34 l/s for Randaelva.

Søknaden omfatter en utbygging med et inntak i Hoplandselva og et i Randaelva. Begge inntakene skal plasseres på kote 345. Rørgatene fra inntakene vil bli sammenkoblet på kote 275. Elvekryssingen av Hoplandselva skal skje med rørbru. Øvrige deler av vannvegen skal nedgraves. Til sammen vil rørgatetraseen bli cirka 2910 meter.

Opp til inntaket i Hoplandselva søkes det om å forlenge eksisterende skogsbilveg med 300 meter, og frem til inntaket i Randaelva skal eksisterende skogsbilveg forlenges med 30 meter. Det søkes om å bygge en 30 meter lang adkomstveg til kraftstasjonen. Nettilknytning vil skje via nedgravd jordkabel. Områdekonsesjonær er Stryn Energi AS.

NVE har bedt søker om å vurdere alternativ til elvekryssing i rørbru og alternativ plassering av kraftstasjonen. Søker foreslår at rørgata kan legges i fjellgrøft under elvebunnen i stede for rørbru og at det er teknisk uproblematisk å flytte kraftstasjonen til kote 50.

Kraftverket er beregnet til å produsere ca. 19 GWh i et midlere år fordelt på ca. 11 GWh sommerproduksjon og ca. 8 GWh vinterproduksjon. Det er planlagt å slippe differensiert minstevannføring. I sommerperioden skal det slippes 35 l/s fra inntaket i Hoplandselva og 65 l/s fra inntaket i Randaelva. I vinterperioden skal det slippes hhv. 18 l/s og 32 l/s.

Stryn kommune anbefaler sterkt at det gis konsesjon til bygging av kraftverket. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane mener utbyggingen er akseptabel i forhold til allmenne interesser, men forutsetter en miljøbasert minstevannføringsslipp på til sammen cirka 276 l/s i sommerperioden og 64 l/s resten av året. Fylkesmannen ber NVE om å se nærmere på fremføring av rørgatetraseen forbi Randabygd kirke. Sogn og Fjordane Fylkeskommune har lagt avgjørende vekt på de nærings- og energimessige argumentene og anbefaler at det gis konsesjon. For å unngå konflikt med kulturminner og viktig kulturmiljø anbefaler Fylkesrådmannen at kraftstasjonen flyttes til kote 45. Statens vegvesen har ikke vesentlige merknader til søknaden. Sogn og Fjordane Turlag uttaler at prosjektet er akseptabelt i forhold til friluftsliv. Randabygd Sokneråd anbefaler en utbygging etter omsøkte planer. Rand Skytterlag er positiv til ei utbygging, men denne ikke må være til hinder for fremtidig skyteaktivitet på deres skytebane.

NVE legger vekt på at tiltaket vil kunne bidra til å styrke næringsgrunnlaget for søkerne, som alle har lokal tilknytning, og kan også bidra til å opprettholde lokal bosetting og verdiskapning. I tillegg vil kraftverket gi et bidrag til ny fornybar energiproduksjon.

Elvekryssing av Hoplandselva i rørbru og fremføring av rørgatetraseen mellom østsiden av kirkegårdsmuren og elva slik som planlagt vil etter NVEs syn redusere verdien av et kulturlandskap i betydelig grad. Avstanden mellom ytre kant på kirkegårdsmuren kantsonen ned mot elva er kort, og nødvendig sprengningsarbeid kan medføre skade på kirkegårdsmuren. Med kryssing av elva i fjellgrøft under elvebunn og flytting av kraftstasjonen til kote 50 vil virkningene etter vårt syn bli vesentlig mindre.

Mesteparten av berørt elvestrekning er klassifisert som naturtypen "viktig bekkedrag" og verdivurdert til å ha regional verdi. Det er ikke påvist rødlistede arter, men lokaliteten er viktig for fossefall og andre spurvefugler og har en høyere artsdiversitet enn omkringliggende kulturlandskap. Minstevannføring vil etter vårt syn være et viktig avbøtende tiltak for landskap og biologisk mangfold.

Med de avbøtende tiltak som nevnt ovenfor vil tiltakets virkninger etter NVEs vurdering være akseptable for allmenne interesser når dette veies opp mot nytteverdien gjennom økt energiproduksjon og lokal verdiskapning.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene ved å bygge Hopland kraftverk er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir Hopland Kraft AS tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Hopland kraftverk med plassering av kraftstasjonen på kote 50. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Hopland Kraft AS, datert 1.2.2009:

Hopland Kraft AS ønskjer å nytte vassfallet i Randaelva og Hoplandselva i Stryn kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å bygge Hopland kraftverk

2. Etter ureiningslova om løyve til:

- gjennomføring av tiltaket

Kraftverket blir tilknytta det eksisterende 23 kV nettet og det er inngått avtale om bygging og drift av høyspentanlegget med områdekonsesjonæren Stryn Energi AS.

Nødvendige opplysningar om tiltaket går fram av vedlagte utgreiing. Vi ber om ei snarleg handsaming av søknaden.

Hopland kraftverk, hoveddata				
TILSIG		Samlet	Hoplandselva	Randaelva
Nedbørfelt	km ²	17,4	6,6	10,8
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	41,2	14,6	26,6
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	75	70	78
Middelvallføring	m ³ /s el. l/s	1,31	0,46	0,85
Alminnelig lavvallføring	m ³ /s el. l/s	64	22	42
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s el. l/s	276	97	276
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s el. l/s	53	19	34
KRAFTVERK				
Inntak	moh.	345	345	345
Avløp	moh.	2	1,1	1,2
Lengde på berørt elvestrekning	km	3,0		
Brutto fallhøyde	m	343		
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,59		
Slukeevne, maks	m ³ /s	2,0		
Slukeevne, min	m ³ /s	0,07		
Tilløpsrør, diameter	mm	900	600	900
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	1170	590	1140
Installert effekt, maks	kW	5,5		
Bruktid	timer	3500		
PRODUKSJON				
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	8,08		
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	11,29		
Produksjon, årlig middel	GWh	19,37		
ØKONOMI				
Utbyggingskostnad	mill.kr	38		
Utbyggingspris	kr/kWh	1,96		

Hopland kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Ytelse	MVA	5,5
Spenning	kV	690
TRANSFORMATOR		
Ytelse	MVA	6
Omsetning	kV/kV	0,23/23
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)		
Lengde	km	0,2
Nominell spenning	kV	23
Luftlinje el. Jordkabel		

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Stryn kommune har i Formannskapet den 5.5.2009 enstemmig vedtatt følgende:

” ...

Stryn kommune kan ikkje sjå at det finns nokon negativ verknad av den omsøkte kraftutbygginga i Hoplandselva og Randaelva av betydning, og vil såleis sterkt anbefale at søkjarane får løyve til å gjennomføre utbygginga slik det er søkt om.

Fra saksutredningen refererer vi videre:

”Vurdering:

Kommuneplanen med arealdel, vedteken i 2006, viser at heile det berørte området er arealkategorisert som LNF-1-område; område med forbod mot spreidd utbygging. Arealdelen viser også at frå like nedstrøms inntaket i Hoplandselva og oppover i vassdraget er nedbørfeltet avmerka som drikkevasskjelde.

Kartleggingsmaterialet vi har i Stryn kommune over biologisk mangfald viser at det ligg ei slåttemark på Rand med kartleggingsverdi viktig (middels verdi). Denne vert ikkje berørt av utbyggingsplanane i elvene.

Hoplandselva og Randaelva i utbyggingsområdet er svært brattlendte elver. Fiskebestanden i elvene består, utifrå vår kjennskap, av ein svært tynn bekkearebestand. Området er heller ikkje attraktivt for fiske. Vi kjenner ikkje til at ål går opp denne elva.

Hopland og Randabygda er viktige som fruktdyrkingsområde. Vi kjenner ikkje til at det har vore tradisjon for å vatne fruktareala. Uansett vil minstevassføringa på 50 l/s i hovudelva kunne tilfredsstille eit slikt eventuelt behov.

Dei negative konsekvensane av utnytte vasskrafta i dei to elvene synest å vera svært små. Samstundes vil ei utbygging kunne gje positive verknader for utbyggerane gjennom betra inntekspotensiale. Stryn kommune vil såleis sterkt anbefale at utbyggerane får løyve etter vassressurslova til å utnytte kraftressursane slik det er søkt om frå Hopland Kraft AS.”

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttaler i brev datert 12.2.2009:

”...

Vurdering:

Landskap og friluftsliv

Hoplandselva og Randaelva er for det meste senka i terrenget på dei strekningane som er aktuelle for utbygging. Dette gjer at den er lite synleg både i nærområdet (vegar, busetnad osv.), og frå fjorden. To kortare strekningar skil seg likevel noko ut. Randaelva er godt synleg med ein liten, men spesiell foss og strykstrekning der fylkesvegen kryssar elva. Det er også kvernhus i dette området. Det andre partiet ligg ved Randabygd kyrkje ned mot fjorden. Kyrkja og kyrkjegarden/gravplassen ligg like ved elva, og mange vil oppleve nærleiken til elva både ved å sjå og høyre den. Det ser også ut som passering av dette området med røyrgata vil bli teknisk noko vanskeleg fordi det er liten plass mellom kyrkjegarden og elva. Det er etter vår vurdering ikkje akseptabelt å legge røyrgata i dagen, eller på ein slik måte at elva vert skadelidande ved utfylling av massar el. l.

Søknaden manglar opplysningar om eit kvartærgeologisk interessant område i den nordaustlege delen av utbyggingsområdet, jf.

http://www.fylkesatlas.no/advanced_default.aspx?minX=42443&minY=6887969&maxX=46671&maxY=6891886&layerId=145&mapService=0&mapCategory=Kategori&lang=nynor, og vedlagt kopi frå Utredning for DN Nr. 1994-9; Kvartærgeologiske verneverdige område i Sogn og Fjordane. Inntaka er på kote 345, og den aktuelle røyrgata frå inntaket i Randaelva skal gå i ein jordbruksveg eller på innmark. Det er difor lite sannsynleg at inngrepet vil vere i konflikt med dei kvartærgeologiske verdiane i området.

Det er lite og ev. lokalt friluftsliv knytt til elva og det elvenære området. Vi viser elles til uttale frå Sogn og Fjordane Turlag om bruken av området til friluftsliv.

Naturmiljø, biologisk mangfald, verneplanar og inngrepsfri område (INON)

Området er kartlagt for å vurdere verknader på biologisk mangfald. Store delar av dei påverka elvestrekningane vart registrert som ”kulturlandskap-bekkedrag”, med verdi viktig, dvs. regional status. Den vanskelege tilkomsten gjorde at elvane og det elvenære området ikkje er kartlagt i så stor grad som ønskjeleg. Artsfunn på dei stadane som vart undersøkt, eksponering mot sør osv. tydar på at det ikkje er sannsynleg at det fins fuktavhengige raudlisteartar knytt til elva og vassføringa, men dette kan ikkje utelukkast heilt. Fossekall er observert i vassdraget, og det er sannsynleg med eitt til tre hekkande par. Naturtyperegistreringa legg grunnlag for at det bør vere ei viss miljøbasert vassføring i elva. Fylkesmannen vurderar at det bør vere minst 5-persentil sommarvassføring og alminneleg lågvassføring resten av året.

Det vert ikkje reduksjon i inngrepsfrie område (INON).

Fisk og fiske

Det er lite fisk på omsøkte utbyggingsstrekning. Laks og sjøaure vert hindra frå å gå opp i elva pga at den går for bratt opp frå sjøen.

Ureining, vasskvalitet, og støy

Det er fleire gardsbruk i området som har mjølkeproduksjon og ein del småfebruk (ev. kombinasjon). Vi har ikkje oversikt over kor mange av desse bruka som ev. har avrenning til det aktuelle vassdraget, eller status for tekniske anlegg for lagring av husdyrgjødsel og pressaft. Basert på trenden elles i fylket vil vi tru at dei fleste har oppgraderte anlegg, og dei fleste gardsbruka ser ut til å halle mest ut mot fjorden og ikkje ned mot elva. Botndyrundersøkingar (jf. http://unifobmiljo.uib.no/uploads/files/file_000056.pdf), indikerar ingen negative påverknader på elva.

Det er difor ikkje venta at vasskvaliteten vil endre seg monaleg på grunn av vassuttaket. Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skadar eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det bli aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skadar/ulempar som følgjer av tiltaket.

Det bør leggjast stor vekt på støydempende tiltak knytt til ev. kraftstasjon. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v.

Landbruk

Det vert vurdert at det er lite eller ingen negative konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Tilråding

Av omsyn til viktige naturtypar vurderer vi at kravet til minstevassføring bør vere minst 5-persentil om sommaren og alminneleg lågvassføring resten av året. Dette vil vere positivt også for landskap, vasskvalitet, fossefall og andre vassstilknytte artar, for eksempel botndyr. Vi ber elles NVE vurdere nedre del av røyrgata i høve til den smale passasjen mellom kyrkjegarden og elva.

Fylkesmannen føreset at det vert kravd miljøbasert minstevassføring på minimum 5-persentil sommarvassføring og alminneleg lågvassføring resten av året. Ut i frå dette vurderer Fylkesmannen at denne utbygginga er akseptabel i høve til allmenne interesser, jf § 8 i vassressurslova. Fylkesmannen vurderer også at tiltaket kan akseptast i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova.

Fylkesmannen føreset at det vert laga eit arrangement som sikrar minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring og som ikkje er sårbar for tilfeldige hendingar som gjer at det tettar seg eller på anna måte ikkje fungerer som føresett.

Ved ev. utbygging må det leggjast vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjon må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova."

Sogn og Fjordane fylkeskommune uttaler i brev datert 23.6.2009:

”...

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 10.06.2009 som sak 86/09 og det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.*
- 2. Av omsyn til kulturmiljøet ved kyrkja, rår fylkesutvalet til at kraftstasjonen vert plassert noko høgare opp langs elva, om lag ved kote 45.*

(...)

Fylkesrådmannen si vurdering av fordeler og ulemper, ev. nye forslag til avbøtande tiltak

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 19,4 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til bygningsmessige tiltak (inntaksdammar, rørgater, kraftverksbygning, kabeltrase, vegbygging) og redusert vassføring i Hoplandselva og Randaelva.

Automatisk freda kulturminne

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innan for det arealet som konsesjonssøknaden omfattar. Årsaka til dette er at det er gjennomført svært få arkeologiske registreringar i Hopland og omegn.

Vi ser at større delar av arealet som vert råka av ei eventuell utbygging av Hopland kraftverk er klassiske område for jordbruk. Desse områda har vore busett langt tilbake. På Vestlandet er det nettopp i desse areala at ein har støtt på mykje automatisk freda kulturminne, med særleg vekt på jernalderen (500 f.Kr – 1000 e.Kr). Dette gjeld særleg areal til busetnad og ressursutnytting i forhistoria. Delar av tiltaksområde vil også kunne innehalde kulturminne frå andre delar av forhistoria.

Med bakgrunn i oversendt dokumentasjon med konsesjonssøknad for etablering av Hopland kraftverk, vurderer Sogn og Fjordane fylkeskommune at delar av området har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Det vil difor ved eventuell innvilging av konsesjon vere naudsynt å gjennomføre arkeologiske registreringar i tiltaksområdet, jfr §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne for å kunne avklare om tiltaket kjem i berøring med automatisk freda kulturminne. Ved ein eventuell konsesjon ber vi om at tiltakshavar tek kontakt med Sogn Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga når ein ønskjer å få gjennomført dei arkeologiske registreringane.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, kan bli direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

Deler av røyrgata ligg i eit variert kulturlandskap med areal til slått og beite. I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området.

Gamle ræser og vegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking av grøftene.

I konsesjonssøknaden går det fram at røyrgata er planlagt like ved kyrkja. Ved passering av kyrkja er det planlagt røyrløysing mellom gravplassen og eit uthus. Kyrkja, kyrkjegarden og området rundt, er å sjå på som eit svært viktig kulturminne og kulturmiljø i bygda. Det er her kort avstand til elva og vegetasjonsbeltet langs elva. For å unngå konflikt med dette viktige kulturmiljøet, vil fylkesrådmannen her rå til at kraftstasjonen vert flytta oppstraums langs elva til kote 45.

Samla vurdering

Fylkesrådmannen viser til generelle og konkrete merknader når det gjeld kulturminne og vil av omsynet til kulturmiljøet ved kyrkja, rå til at kraftstasjonen vert plassert noko høgare opp langs elva, om lag ved kote 45.

Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen rå til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt. Av omsyn til kulturmiljøet ved kyrkja, rå fylkesrådmannen til at kraftstasjonen vert plassert noko høgare opp langs elva, om lag ved kote 45.”

Statens vegvesen uttaler i brev datert 31.3.2009:

”...

Av søknaden frå Hopland Kraft AS som er lagt ut på www.nve.no/smaakraft går det fram at det skal byggast ca. 300 meter ny veg for traktor til inntaket i Hoplandselva, og ca. 30 meter ny tilkomstveg til kraftstasjonen nede ved fjorden i Randabygda. Til inntaket i Randaelva skal ein eksisterande jordbruksveg nyttast. Tilkomsten til kraftstasjonen er knytt til kommunal veg. Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til søknaden.”

Sogn og Fjordane Turlag uttaler i brev datert 17.4.2009:

”Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 12.02.2009 og til konsesjonssøknaden henta via internett. Høyringsfråsegna vår er basert på konsesjonssøknaden med vedlegg, på informasjon henta via internett og på generell (litt for dårleg, dessverre) kunnskap om området. Ettersom vi i denne saka ikkje reknar med at konfliktnivået med friluftslivet er særleg høgt, og vi har mange andre saker med til dels mykje høgare konfliktnivå på høyring for tida, har vi ikkje prioritert å reise på synfaring i utbyggingsområdet. Men dette er ei klår ulempe i denne saka.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 55 medlemslag, og fylkeslag for 14 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 4.333. Hoplandselva og Randaelva ligg i Indre Nordfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.turistforeningen.no/indrenordfjord/>

Om friluftsliv i det aktuelle området:

I sjølve utbyggingsområdet reknar vi med at friluftssinteressene først og fremst er reint lokale. Lenger oppe i nedslagsfeltet er friluftssinteressene, etter den informasjonen vi har, betydeleg større. Dette gjeld både i tilknytning til stølane, Utitunsstøylen, Innitunsstøylen, Ålandsstøylen og Randastøylen, og turruta gjennom Hoplandskaret over til Hornindalsvatnet. Denne turruta er

ein gamal, og i si tid viktig, ferdselsveg. Toppene i området er også turmål: Saulaksla i nordvest, Blåfjellet i nord og Glitregga i nordaust. Av desse er den høgste toppen, Glitregga, truleg det viktigaste turmålet både til fots og på ski. Den har mellom anna ein av postane på fjelltrimmen til Veten idrettslag. Totalt sett reknar vi konflikten mellom Hopland kraftverk og friluftslivet som moderat, ettersom dei største friluftsinteressene er høgare oppe i vassdraget enn der utbygginga er.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Slukevna for den planlagde kraftstasjonen er minimum 5,3%, maksimum 153% av middelvassføringa. Dette ei nokså vanleg vassutnytting.

Inntak: Ettersom vi ikkje har vore på synfaring, har vi ikkje godt nok grunnlag for å ha gode konkrete meiningar om plasseringa av inntaka, men vi viser til kommentarane våre til verknadane av utbygginga, under 3.7 Landskap.

Røyrgate: Det er positivt at heile røyrkata skal gravast ned. Det må leggjast vekt på å utføre arbeidet slik at ein sikrar rask revegetering av røyrkatetraseen. Viss røyrbrua vert synleg frå fylkesvegen, noko som bedømt ut frå kartet er sannsynleg, må det leggjast stor vekt på "pent arbeid". Vi viser elles til seinare omtale av mogleg, men lite sannsynleg, konflikt med kulturminne ved kyrkja.

Kraftstasjonen: Bedømt ut frå konsesjonssøknaden og kartmaterialet, kjem både kraftstasjonen og røyrkata svært nær kyrkja og kyrkjegarden. Det er også mogelege konflikthar med andre kulturminne. Ut frå dette ber vi NVE vurdere om ei anna kraftstasjonsplassering, eit stykke høgare oppe ved elva, vil vere ein fordel. Ettersom vi ikkje har vore på synfaring, er det vanskeleg for oss å vurdere kor konfliktfylt den planlagde plasseringa er, og om der er andre, betre alternativ. Derfor nøyer vi oss med å be NVE om å vurdere plasseringa grundig. Men vi "krev" ikkje ei anna plassering. Viss den endelege plasseringa blir der den er planlagt, like ved kyrkja, kyrkjegarden og bygdevegen, må det leggjast ekstraordinært stor vekt på lyddemping av kraftstasjonen. Særleg omsynet til kyrkja og kyrkjegarden tilseier at krava må vere strengare enn det som står i gjeldande retningslinjer! Mellom anna synest vi at bruk av vasskjølt anlegg for å unngå viftestøy, må vere eit krav her!

Vegbygging: Ingen spesielle merknader.

Netttilknytting: Ingen merknader. Planane ser gode ut sett frå vår synsstad.

Kommentarar til verknadane av utbygginga: 3.1 Hydrologi: Det ser ut som det er ein litt vesentleg feil Hydrologi-avsnittet i søknaden. På side 10 står det: " Etter utbygging vil medelvassføringa over året bli redusert til 28 % av naturleg vassføring på dei berørte elvestrekningane og - - ". På side 11 står det: " Etter utbygging vil medelvassføringa over året bli redusert til 35 % av naturleg vassføring på dei berørte elvestrekningane." Skilnaden mellom 28% og 35% er så pass stor at det er litt viktig å vite kva som er rett!

Det er positivt at det skal sleppast minstevassføring heile året. Men av omsyn til "Viktige bekkedrag" med "Stor verdi", av omsyn til anna biologisk mangfald, inklusive fossefall, og av omsyn til landskaps- og lydopplevinga av elva, meiner vi at minstevassføringa det er gjort framlegg om, er for liten. Vårt syn er at det minimum må sleppast Alminneleg lågvassføring om vinteren og 5- persentilen om sommaren. Altså: Vinter min. $22 + 42 = 64$ l/s. Sommar min. $97 + 179 = 276$ l/s.

3.4 Biologisk mangfold: Av Biologisk mangfold-rapporten går det fram at det Viktige bekkedraget med Stor verdi er for dårleg undersøkt. Dette er ikkje ein kritikk mot rapporten! Det går fram av den at arbeidet har vorte utført så godt som mogeleg med den store vassføringa og dei ytterst vanskelege tilhøva som var i kløfta då synfaringane vart gjennomførde. Men det at tilhøva var for vanskelege til at ei fullgod kartlegging av det biologiske mangfaldet kunne gjennomførast, kombinert med "Føre var-prinsippet" tilseier at minstevassføringa for denne utbygginga bør setjast høgre enn det som er vanleg for småkraftutbyggingar. Sjå framlegget vårt ovanfor. Vi meiner at den minstevassføringa utbyggaren har gjort framlegg om, er for liten til at "Minstevassføringa vil truleg avbøte det meste –".

3.7 Landskap: Vi er einige i at den svært viktige naboelva Tvinna er langt, langt viktigare i landskapet enn Randaelva og Hoplandselva. Men også dei 2 sistnemnde elvane er også viktige nokre stadar, mellom anna der dei kryssar fylkesvegen og der dei kryssar bygdevegen kloss ved kyrkja. Vi meiner ikkje (i motsetning til for Tvinna) at elvane er så viktige for landskapet at vi ønskjer å gå mot utbygging, men vi meiner at dette er argument for ei høg minstevassføring, særleg om sommaren, og for å vurdere ei eventuell flytting av kraftstasjonen til ovanfor kyrkja.

Inntaket i Randaelva og den første delen av Røyrgatetraseen derifrå er i konflikt med eit "Område med spesielle naturkvalitetar i Sogn og Fjordane": 1449-26 Randabygd.

Områdeskildring: "Ein stor og mektig lateralmorene (sidemorene) ligg øverst i Randabygd, nord for Utvikfjorden. Morenen høyrer til hovudstadiet i Yngre Dryas. Det finst fleire morener frå denne perioden i Nordfjord-området, og av desse er morenen i Randabygd den største einskilde ryggformen." (Kjelde: Info henta via www.fylkesatlas.no.) Ettersom vi ikkje har vore på synfaring, er vi usikre på kor alvorleg konflikten med desse "spesielle naturkvalitetane" vil bli, men vi gjer i alle fall NVE merksam på at der er ein mogeleg konflikt. Vi går ut frå at Fylkesmannen nyttar sin kompetanse til å vurdere spørsmålet/konfliktnivået nærare.

3.8 Kulturminne: På www.fylkesatlas.no er det markert 2 "Kulturminne/Attraksjonar" like ved kyrkja. Truleg er ikkje nokon av desse i konflikt med røyrgata, men vi går ut frå at fagfolka hos Fylkeskommunen vurderer dette nærare. (NB! Ein av dei to info-linkane i Fylkesatlas er feil.)

3.11 Brukarinteresser/friluftsliv: Vi viser til side 1 i fråsegna.

4. Avbøtande tiltak: Vi viser til det vi alt har skrive om høgre minstevassføring. I tillegg ber vi NVE krevje oppsetting av Predatorsikre rugekassar for fossefall, sjå tilråding i Biologisk mangfold-rapporten. Vi viser også til det som står om fossefall på side 26 i rapporten, under "Program for vidare undersøkingar og overvaking"

Andre merknader i tilknytning til søknaden:

Vi ber NVE merke seg det som står i "6.2 Samanlikning med andre nedbørsfelt/vassdrag" i biologisk mangfold-rapporten: "I følge handboka så er verknader og konfliktgrad avhengig av om det finst liknande kvalitetar utanfor utbyggingsområdet. Det er kjent at det ligg føre planar om utbygging av fleire vassdrag både i Stryn og i nabokommunane. Likevel kan ein vel fastslå at dei biologiske verdiane knytt til Hoplandselva og Randaelva ikkje er større enn at det helst finst liknande eller betre kvalitetar både knytt til utbygde og ikkje utbygde vassdrag i regionen. Ei kommunal kartlegging av naturverdiar i alle vassdrag som kan vera aktuelle for utbygging ville likevel ha gjort ei slik vurdering enklare."

Dette er viktig!!! Sumverknadane av mange utbyggingar kan verte altfor store i nokre område. Vi veit at NVE er pressa av ei svært stor saksmengd, og at vurdering av sumverknadar er eit vanskeleg tema. Likevel er det NVE sitt ansvar å syte for at dette vert vurdert. Kanskje det å stille ekstra krav til kommunane kan vere del av ei betre løysing på problemet?

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Vurdert ut frå våre interesser, er Hopland kraftverk eit akseptabelt prosjekt. Vi ønskjer derfor ikkje å gå mot utbygginga.

Men tvilen om verdien av det biologiske mangfaldet i bekkekløfta er så pass stor at denne "tvilen bør kome bekkekløfta til gode" i form av høgre minstevassføring enn det som er vanleg, sjå ovanfor! Likeins bør ein vurdere om ein skal ta så mykje omsyn til nærområdet til kyrkja at kraftstasjonen bør flyttast oppover langs elva. (Vi har ikkje godt nok kunnskapsgrunnlag til å ha sterke synspunkt verken for eller imot dette, men det bør vurderast!)"

Rand skyttarlag uttaler i e-post datert 28.4.2009:

"Rand skyttarlag har ei skytebane i området der deler av rørtraseen skal gå, med langtidsfeste av dette arealet.

På vegne av Rand skyttarlag vil eg kome med følgjande kommentarar til planane om kraftverk. Ut i frå teininga som ligg i søknaden skal traseen som kjem frå Randaelva krysse skyteretninga 10-15 m framfor skivene på 100 m. I beskrivelsen skal rørtraseen gå i luft over elva som renn rett ved sida av skivene på 100 m. Rand skyttarlag set som krav til utførelsen av denne kryssinga av skyteretninga, at den blir utført på ein slik måte at det ikkje blir til hinder for skyteaktiviteten i framtida. Eks tildekking av konstruksjonar, ol etter sikkerheitskrav som gjeld for skytebaner.

Det er og viktig at Rand skyttarlag ikkje får nokon ekstra kostnader som følgje av denne utbygginga.

Rand skyttarlag har hatt planar om å koble skytehuset til straum, men har avventa litt eventuell utbygging av elva. Om det føreligg planar om framføring av straumledning som går forbi området ved skytehuset på skytebana, håpar eg utbyggerane kan ha dette i tankane.

Til slutt vil eg berre seie at skyttarlaget er positiv til ei utbygging."

Randabygd Sokneråd uttaler i brev av 21.6.2010 følgende som kommentarer til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin uttalelse datert 36.6.2009:

"...

Soknerådet er nyleg blitt kjend med høyringsuttalen og vil gjerne kommentere punkt 2 i uttalen der det heiter:

"Av omsyn til kulturmiljøet ved kyrkja, rår fylkesutvalet til at kraftstasjonen vert plassert noko høgare opp langs elva, om lag ved kote 45". Soknerådet undrar seg over denne delen av uttalen og vil seie følgjande:

- 1. Randabygd soknerådet eller Stryn kyrkjelege fellesråd ved kyrkjevevje Svein Rønne har ikkje vore kontakta frå kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune samanheng med denne saka.*
- 2. Soknerådet har arbeidt mykje med å få til universell tilgang for handikappa til kyrkja. Ein ting er å få rullestol inn i kyrkja, men for oss er det og ei utfordring å få rullestolen opp til kyrkja sidan vi har ein av dei brattaste kyrkjegardane i landet. Arkitekt Tore Geir Åland har hjelpt oss å lage ein plan for dette og denne er godkjend av biskopen i Bjørgvin. I denne planen vil ein lage vegen, som no går opp på austsida av kyrkja mellom kyrkja og elva gjennom kyrkjegardsmuren, med noko lågare stigning. Dette hadde vi tenkt vi kunne få til i samarbeid med kraftverksutbyggerane. Spørsmålet er*

ikkje drøfta formelt med styret for Hopland kraftverk. Randabygd sokneråd meiner at dette er ei viktig sak for kyrkjelyden og vonar at planen kan gjennomførast samstundes med at rørgata blir lagt ned aust for kyrkjegardsmuren.

- 3. Den nedste delen av kyrkjegardsmuren er truleg frå om lag 1905. Den første grava på kyrkjegarden er frå 1910. Den øvste delen av gråsteinsmuren er laga etter 1970. I samband med legging av rørgata mellom kyrkjegardsmuren og elva vil soknerådet krevje at gråsteinsmuren ikkje blir endra eller skada. Reiskapshuset som står i dette området vil truleg måtte rivast ned og settast opp att. Randabygd sokneråd meiner at dette må kunne gjerast varleg i samarbeid med utbyggjarane.*
- 4. Så vidt soknerådet forstår inneber utbyggingsplanen for Hopland kraftverk at sjølve kraftstasjonen skal stå nedanfor den kommunale vegen nedanfor kyrkja. Kraftstasjonen blir såleis mest ikkje synleg frå kyrkja eller kyrkjegarden. Eventuell støy frå stasjonen blir døyva av mur ovanfor og sjølve kyrkjegardsmuren som i nedkant er vel 3 m. høg. Fossesusen som vi lever godt med i dag, vil også virke dempende på eventuell støy frå kraftstasjonen. Randabygd sokneråd har ikkje noko i mot at kraftstasjonen til Hopland kraftverk blir bygt i samsvar med omsøkte planar.*
- 5. Soknerådsleiar Reidar Magne Sørland har i samtale med sakshandsamar i fylkeskommunen, Idar Sagen, fått opplysning om at det skal vere ei avsluttande synfaring før endeleg konklusjon i konsesjonshandsaminga. Randabygd sokneråd krev at kyrkjevege i Stryn og soknerådsleiaren blir kalla inn til denne synfaringa.*
- 6. Randabygd/Hopland har vore ei svært bratt jordbruksbygd der stor arbeidsinnsats har vore grunnmuren for avling, velstand, kultur og kyrkjelydsarbeid. Kyrkja vart bygd ferdig med mykje dugnadsinnsats i 1916. Bygda er kjend for dugnadsinnsatsen sin ved bygging og vedlikehald av kulturanlegg og gjennomføring av store arrangement, også nasjonale. Kyrkja er også avhengig av at bygda stiller opp. Utfordringa vår er høg gjennomsnittsalder, jordbruket tapar i konkurransen og folketalet går attende. I dette perspektivet er utbygginga av Hoplandselva ein viktig ressursutnytting for å halde på folk i bygda og slik sett også viktig for kyrkja. Er her ikkje folk er det heller ikkje bruk for ei fint kyrkjebygg. Randabygd sokneråd vil tilrå sterkt at dei omsøkte utbyggingsplanane til Hopland kraftverk blir realiserte.*

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i brev av 7.7.2009 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

”...

Sogn og Fjordane Turlag si fråsegn 31.03.2009

Turlaget er opptatt av nærleiken til kyrkja og ber NVE vurdere plasseringa. Kraftstasjonshuset vil ligge på nedsida av bygdevegen ved eit eldre sagbruk og mønet vil ikkje komme høgare enn vegen. Kyrkja ligg på eit høgare nivå og den visuelle nærleiken blir ikkje så liten som det kan sjå ut til av kartet. Ellers meiner vi at kraftstasjonen passar godt inn i sagbruksmiljøet ved sjøen. Når det gjeld støydemping viser vi til kommentarane til fylkesmannen si fråsegn. Turlaget har oppdaga ein feil i søknaden på side 10 og 11 der det er oppgitt ulike prosenttal for restvassføring. Det er prosenttalet (35) på side 11 som er rett.

Fylkesmannen si fråsegn 25.06.2008

Fylkesmannen nemner omsynet til kyrkja og at det er liten plass mellom kyrkjegarden og elva. Tilløpsrøret er planlagt nedgravd mellom kyrkjegarden og eit reiskapshus og det er ingen planar om utfylling mot elva. Passeringa av dette området vil vere teknisk krevjande og det kan vere aktuelt å flytte reiskapshuset midlertidig.

Vi er samd i fylkesmannen sin uttale om at det bør leggjast stor vekt på støydemping av kraftstasjonen pga nærleiken til kyrkja. Kraftstasjonshuset vil bli støyisolert og generatorane blir utført med vasskjøling slik at ein unngår ventilasjonsopningar med viftestøy. Avløpet frå kraftstasjonen blir utført med vasslås slik at ein unngår "turbinuling" og det samla støynivået vil ligge godt innafor anbefalt støygrense.

Rand skyttarlag si fråsegn 28.04.2009

Tilløpsrøret vil krysse elva i nærleiken av skytebana til Rand skyttarlag og skyttarlaget er opptatt av at utbygginga blir utført uten ulemper for skytebana. Vi stadfester at elvekryssinga mv blir utført uten ulemper eller kostnader for skyttarlaget. Dersom det er ynskjeleg kan elvekryssinga skje ved at røret blir lagt under elveløpet.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune si fråsegn 23.06.2009

Fylkeskommunen ber om at kraftstasjonen blir flytta oppover til ca. kote 45 av omsyn til kulturmiljøet ved kyrkja. Vi vil her peike på at kyrkja er av nyare dato (den eldste delen av kyrkjegarden er bygt i 1910) og er såleis ikkje spesielt verneverdig som kulturminne."

Søker har i e-post av 1.7.2010 kommentert høringsuttalelsen fra Randabygd Sokneråd slik:

"Styret i Hopland kraftverk bekrefter at det er ønskeleg med eit samarbeid med Randabygda sokneråd vedrørande universell tilgang til kyrkja.

Når det gjeld punkt 3 ønsker vi også her å samarbeide med soknerådet, og bekrefter at det vil bli utvist forsiktighet under bygginga.

Utover dette har vi ingen kommentarer til høyringsuttalar."

Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse

I e-poster av 29.6.2009, 21.5.2010, 3.6.2010, 24.6.2010, 30.6.2010 (to e-poster), 5.7.2010 (to e-poster) og 12.12.2010 oversendte NVE en del spørsmål til søkers konsulent. I disse e-postene ba NVE om:

- At det informeres om kotehøyde for inntakene til de to vannverkene, og at vannverksinntakene kartfestes i forhold til inntakene til Hopland kraftverk.
- Størrelsen på nedbørfeltet og middelvannføringen fordi det kan se ut som opplysninger i søknadens kap. 1.4 ikke samsvarer med opplysninger i tabell 2.1.
- Lengden på de ulike delene av rørgatetraseen så ikke ut til å stemme helt, og derfor ba NVE om at det informeres om lengde på de ulike delene av rørgatetraseen og total lengde.
- I forhold til nettilknytning står det noe forskjellig i tabell 2.1 og kap. 2.2. Hva stemmer?
- Hva er kapasiteten på vannuttaket til vannverket i Hoplandselva og hvor mye vann som tas ut til husholdningene?

- Skal uttaket av drikkevann og vanningsvann på kote 325 (vannverket) i Hoplandselva fortsette etter en ev. utbygging?
- Det foregår noe uttak av vann til vatning fra vannverket i Hoplandselva. Hvilke vekster er det som vannes og i hvilken periode av vekstsesongen foregår dette?
- Foregår det andre vannuttak til vanning eller andre formål i Hoplandselva eller Randaelva innenfor berørt elvestrekning enn vannuttaket til vannverket? I så fall, hvor stor kapasitet har disse vannuttakene og når på året foregår de?
- Hvor lang avstand er det mellom kraftstasjonstomten på kote 2 og fjorden?
- Kan søker komme med en mer detaljert beskrivelse, gjerne med tegninger av hvordan det planlegges å føre rørgatetraseen forbi kirkegårdsmuren?
- Beskrive alternativet til rørbru for kryssing av Hoplandselva ved skytebanen til Rand skytterlag.
- Kan søker komme med en alternativ plassering av kraftstasjonen ovenfor Randabygd kirke? Beregn også produksjon og utbyggingskostnader.
- En endret kraftstasjonsplassering vil medføre oppkoblingspunktet for nettilknytning endres. Kartfest nettilknytningen for en alternativ kraftstasjonsplassering og opplys om tilknytningen vil skje med luftspenn eller jordkabel. Angi også lengden på kabelen.
- For alternativ plassering av kraftstasjonen; beskriv hvordan vannet skal tilbakeføres til elva. Vil dette være teknisk utfordrende og vil det være nødvendig å fjerne kantvegetasjon?

NVE mottok svar på disse spørsmålene i e-poster datert 6.7.2009, 2.6.2010, 4.6.2010, 24.6.2010, 30.6.2010 (to e-poster), 5.7.2010 (to e-poster) og 6.7.2010. Informasjonen i disse e-postene er sammenstilt og oppsummert under.

Nedbørfelt og middelvannføring

I kap 1.4 er det oppgitt nedbørfeltet og middelvannføringen ved Hoplandselvas utløp i sjøen, mens det i tabell 2.1 er oppgitt nedbørfelt og middelvannføring ved inntaket til kraftverket. Opplysningene i søknaden er derfor korrekt.

Lengde på berørt elvestrekning:

Fra inntaket i Hoplandselva og ned til inntaket:	1,1 kilometer
Fra inntaket i Randaelva og ned til samløpet:	1,2 kilometer
Lengde fra samløpet og ned til kraftstasjonen:	0,7 kilometer
Samlet lengde på berørt elvestrekning:	3,0 kilometer

Eksisterende vannuttak innenfor berørt elvestrekning.

Vassverket i Hoplandselva ligger på kote 325 i elva, mens inntaket til vannverket i Randaelva ligger på kote 375. Kun vannverket i Hoplandselva ligger således innenfor berørt elvestrekning.

Grunneierne opplyser at vannverket i Hoplandselva er bygd som et vatningsanlegg og at det bare er 2-3 husstander som bruker dette vatnet til ordinær husholdning. Kapasiteten til vannverket er 3 l/s (diametere på røret er 5 cm) og i dag er maksimalt vannuttak til husholdningene 1 l/s.

I perioden mai - juli foregår det vannuttak fra dette vannverket til vanning av jordbæråker (cirka 15 dekar). Dette vannuttaket er på 1 l/s og vil fortsette etter en ev. utbygging av Hopland kraftverk.

Det forekommer i tillegg vannuttak direkte fra elvene til produksjon av gylle. Det er 6 gårdsbruk som tar ut vann fra Randaelva til dette formålet, samt drikkevann til beitedyr og tilsvarende for Hoplandselva er tre gårdsbruk. Mesteparten av beitedyrene går på beite oppstrøms planlagt plassering av inntakene. Vannuttaket til gylle foregår i perioder med nedbør og søkers konsulent mener derfor at det er lite trolig at dette vannuttaket kommer i konflikt med ev. minstevannføring i elva.

Vannverket i Hoplandselva vil fortsette å ta ut vann fra elva til drikkevann og vatning ved en ev. tillatelse til å bygge Hopland kraftverk. Av hensyn til vannkvalitet kan det være aktuelt å ta ut vannet fra kraftverket, enten rørgata eller inntaket og legge ned vanninntaket på kote 325.

Rørgate

Fra inntaket i Hoplandselva til sammenkoblingspunktet:	590 meter
Fra inntaket i Randaelva og til sammenkoblingspunktet:	1140 meter
Lengde fra sammenkoblingspunkt og ned til kraftstasjonen:	1180 meter
Samlet lengde	2910 meter

Alternativet til rørbru for kryssing av Hoplandselva er å legge tilløpsrøret i utsprengt fjellgrøft under elvebunnen og fylle grøften med betong slik at røret ligger stabilt. Siden tilløpsrøret ligger i et lavbrekk, må det legges et 25 m langt nedgravd tapperør med diameter 0,6 m for utspyling av løsmasser. Denne løsningen vil være like god teknisk og byggekostnaden blir omlag den samme som for rørbru.

Forbi kirkegårdsmuren skal rørgata graves ned med en minste horisontalavstand på 1 meter til muren. Rørgrofta utføres som fjellgrøft og sprengningen utføres forsiktig slik at muren ikke skades.

Kraftstasjon

Det er cirka 40 meter fra kraftstasjonstomten på kote 2 og ned til fjorden.

Kraftstasjonen kan ev. plasseres på kote 50, cirka 100 meter ovenfor kirka. Den eksisterende adkomstvegen til kraftstasjonsområdet har dårlig standard og grunneieren har planlagt å bygge en cirka 300 meter lang gårdsveg. Denne gårdsvegen kan benyttes som adkomstveg til kraftstasjonen.

Utløpet fra kraftstasjonen vil ligge på kote 50 og vannet vil tilbakeføres til Hoplandselva som en 7 meter høy foss ned til elveløpet som ligger på cirka kote 43. Søker uttaler at det er ingen tekniske utfordringer ved denne plasseringen. Ved kraftstasjonen er det dyrket mark helt inn til elva og bare ubetydelig kantvegetasjon.

Produksjon og utbyggingskostnader

Ved en kraftstasjonsplassering på kote 50 blir produksjonen cirka 18 GWh og byggekostnaden er beregnet til 35 mill. kr. Dette gir en utbyggingspris på 1,97 kr/kWh.

Nettilknytning

Det er det som står i kap.2.2 i konsesjonssøknaden som er riktig. Kraftverket blir tilknyttet eksisterende 23 kV nettet med en 50 meter lang jordkabel.

For den alternative kraftstasjonsplasseringen vil kraftverket tilknyttes 23 kV linjen med en cirka 70 meter lang luftlinje i et spenn over Hoplandselva til en av de to nærmeste mastene. Disse to mastene er kartfestet både i søknaden og i kartet som søkers konsulent oversendte på e-post 2.6.2010.

Vedlegg

Som vedlegg til disse e-postene har NVE mottatt kart som viser vannverksinntakene i forhold til inntakene til Hopland kraftverk og alternativ plassering av kraftstasjon med tilhørende veg, samt skisse av tverrsnitt for hvordan rørgata skal fremføres langs kirkegårdsmuren.

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader

Om søker

Tiltakshaver for Hopland kraftverk er Hopland Kraft AS som vil stå for utbygging og drift av kraftverket. Selskapet er under stiftelse og eies av Stryn Energi AS og grunneierne som har fallrettighetene til utbyggingsområdet.

Om søknaden

Hopland Kraft AS ønsker å utnytte et fall på 343 meter i Hoplandselva og Randaelva.

Beskrivelse av området

Utbyggingsområdet ligger i Randabygda og på Hopland i Stryn kommune i Sogn og Fjordane. Randabygda og Hopland ligger på nordsiden av Nordfjorden om lag midt mellom tettstedene Stryn og Eid.

Nedbørfeltene til Hoplandselva og Randaelva begynner i fjellområdet mellom Hornindalsvatnet og Nordfjorden. Elvene har samløp på kote 150 og renner ut i Nordfjorden på Hopland. Området er skogkledd opp til 600-700 moh. og fremstår som typisk for regionen med breeroderte og avrundete landskapsformer. De nedre delene av elvene, cirka fra kote 300 og ned til fjorden, har et bratt fall og renner gjennom et området preget av bosetting, jordbruk, veger og kraftlinjer. På mesteparten av utbyggingsstrekningene er ikke elva synlig, men er skjult av kantvegetasjon.

Eksisterende inngrep i vassdraget

Elvene blir i dag benyttet som vannkilde. Vanninntaket i Randaelva ligger oppstrøms planlagt inntaksplassering, på kote 375 og blir ikke påvirket av en ev. utbygging. Vannkilden i Hoplandselva forsyner cirka 3 husstander og ligger på kote 325, like nedstrøms der som inntaket til kraftverket ev. skal plasseres. Vannverket i Hoplandselva brukes i tillegg til vatning av bær i perioden mai – juli. Dette vannuttaket er på 1 l/s.

Til sammen 9 gårdsbruk tar ut vann til produksjon av gylle i elvene og har beitedyr i området som benytter elvene som vannkilde. Etter det NVE kjenner til går dyrene til elva og drikker, og det er ikke

ordnet til drikkestasjoner til dyra. Beiting foregår i den øvre delen av utbyggingsområdet. Mesteparten av beiteområdene ligger ovenfor planlagt inntaksplassering. Det foregår fruktdyrking i området, men etter det NVE kjenner til foregår det ikke vannuttak innenfor berørt elvestrekning til dette formålet.

Fylkesveg 698 krysser Hoplandselva cirka på kote 270 og Randaelva cirka på kote 273. Nede ved fjorden og Randabygd kirke krysser en kommunal veg Hoplandselva om lag på kote 22.

Teknisk plan

Inntak

Det planlegges å bygge to inntak, et i Hoplandselva og et i Randaelva. Begge inntakene skal bygges på kote 345. De to inntakene skal bygges på samme måte med en cirka 10 meter lang og 1,5 meter bred løsmasseterskel. Inntakskanalen oppstrøms denne terskelen vil bli cirka 25 meter lang, 6 meter bred og cirka 2,5 meter dyp og lede vannet frem til selve rørinntaket. Rørinntakene vil bli utført med en mindre betongkonstruksjon under bakkenivå med varegrind, innløpskonus og stengeventil. Volumet på hver av inntaksdammene vil bli cirka 1000 m³.

Rørgate

Rørgatetraseen fra inntaket i Hoplandselva og ned til sammenkoblingspunktet på kote 275, vil bli 590 meter langt. Denne delen av rørgata vil i hovedsak gå gjennom skog og søker regner ikke med at det er stort behov for fjellsprenging.

Fra inntaket i Randaelva og ned til sammenkoblingspunktet vil rørgatetraseen delvis følge eksisterende jordbruksveg og vil ellers i hovedsak ligge på innmark. Denne delen av rørgatetraseen vil bli cirka 1140 meter lang. Rørgata vil krysse Hoplandselva like før sammenkoblingspunktet på kote 275. I henhold til søknaden skal røret krysse elva i en 10 meter lang rørbru med tappeventil i lavbrekket for utspyling av løsmasser. Rørbrua vil bli lagt så høyt over elva at den er sikker i forhold til flom og isgang.

NVE har bedt søker om å komme med et alternativ til kryssingen av elva med rørbru. Alternativet til rørbru er å legge tilløpsrøret i utsprengt fjellgrøft under elvebunnen og fylle grøfta med betong slik at røret ligger stabilt. Fordi tilløpsrøret vil bli liggende i et lavbrekk må det legges et 25 meter langt nedgravd tapperør med diameter 0,6 meter for utspyling av løsmasser. Denne løsningen vil i følge søker være like god teknisk og byggekostnaden vil bli omlag den samme som for rørbru.

